



ÅRSMELDING 2020

for

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden (SWiS) er ei idealistisk stifting etablert av 5 partar med adresse Fjordstova, 6876 Skjolden.

Arbeidet i 2020

Stiftinga har i 2020 avvikla to ordinære styremøter. Etter at ordføraren som representant for Luster kommune gjekk ut av styret som styreleiar hausten 2019 då hovedoppgåva til stiftinga var nådd, oppsto ein «kvileperiode» i stiftinga inntil nytt styre vart konstituert i juni 2020. Arbeidet i denne perioden foregjeikk vidare ved uformell kontakt med ulik deltaking av styremedlemmar.

Alt i alt kan styret sjå attende på eit godt år med avklaring på fleire behov og spørsmål. Dette har dreid seg om

- Revidering av vedtektene – gjenstår fullføring med registrering i Brønnøysund.
- Engasjement i arbeid med å føre attende til Skjolden Wittgensteinrelatert materiell (brev, postkort, fotoalbum) til Skjolden. Dette, etter å ha fått henvending i fbm oppgjer av dødsbo, frå son til avdøydd journalist i Bergens Tidende. Stiftinga stiller seg avventande ang. vidare engasjement i påvente av minneleg løysing mellom etterkomarar av Arne Bolstad og journalistsonen.
- Inngått ein 3-årig samarbeidsavtale med Luster Sparebank. Denne sikrar SWiS kr 10.000/år i driftstilskot og tilsagn om medverknad ved arrangementer.
- Utarbeiding av konsept til brosjyre som er spissa for marknadsføring av Wittgensteinhuset, men også med Skjolden som turistmål. Etablert samarbeid med kommunen og banken for finansiering.
- Starta drøftingar med Eide Gard om samarbeid for brygge/båtstø i Eidsvatnet.
- Vidareført arbeidet med informasjonstavlene med opplisting av- og takk til sponsorane og medverkande.
- Initiert ordning med vararepresentant for kvart styremedlem for auka lokalt engasjementet i stiftinga. Vararepresentantar får høve til å delta på styremøter og får tilsendt referat

- Har hatt oppe til vurdering realismen i å ta opp som arbeidsoppgåve etablering av diktarstove med 4-5 ulike alternativer. Konkludert med at stiftinga ikkje er moden for dette krevjande arbeidet enno. Ei god førebels løysing er å syne til det blå Wittgensteinrommet på Eide Gard for hospitantlosjering.
- Har medverka med Knut Olav Åmås i Wittgensteinseminaret i Solvorn ved
 - å stille huset til disposisjon og guide ved syninga av huset
 - informere deltakarane på seminaret ved ankomst fredag kveld til Solvorn om prosjektet/oppføringa av huset

Knut Olav Åmås som fagleg arrangør var svært begeistra for det han erfarte. Vår involvering har ført til at han vil fortsette med årlege seminar. Tanken var å gi seg ved 10-årsjubileet som var i 2020.

For eigen del var me svært nøgde med kor godt loftet fungerte som arena/møteplass. Cecilie Løveid foredro sitt seminarinnlegg der. I fbm arrangementet mottok stiftinga ein sveivegrammofon donert av Eirik Holm.

Til saman er det nedlagt eit betydeleg frivillig arbeid av styremedlemene også i 2020.

Økonomi og framtidig drift

Etter innvilging av mva-refundering også for driftsåret 2019 er den økonomiske ståa betryggande. Årsrekneskapen for 2020 er sett opp under føresetnad om fortsatt drift frå revisor si side. SWiS bekreftar at denne føresetnaden er til stades.

Arbeidsmiljø, ytre miljø og likestilling

Stiftinga har ingen tilsette. Styret består av ein representant for kvar av partane i stiftinga, frå andre halvår i 2019 av fire menn og ei kvinne.

Aktiviteten i stiftinga forureinar ikkje det ytre miljø.

Furulund i Oslo, 15.06.2021.
Trygve Martinussen

Stiftinga er ikkje pålagt å utarbeide årsrapport lengre. Rapporten er difor ikkje signert men er utarbeidd for intern dokumentasjon. Den er forelagt styret og registrert via styreprotokoll.